



Rapport om språskifte i Valdres

Karen Marie Kvåle Garthus
prosjektleiar MÅLSTREKEN

Rapport om språkskifte frå nynorsk til bokmål

Innhaldet i denne rapporten beskriv forholdet mellom nynorsk og bokmål i nynorsken si randsone. Rapporten prøver å gje svar på kvifor så mange vel å gå over frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Materialet vi byggjer på, kjem fram i ei undersøking som er gjennomført hjå 414 elevar på Valdres vidaregåande skule våren 2009¹. Det er første gong i Noreg at ein har undersøkt språkbruk og språkhaldningar i så stort omfang. Granskinga er gjort av prosjektet Målstreken, eit pilotprosjekt i regi av Noregs Mållag.

Spørjeskjemaet er utarbeidd i samarbeid med professor Jon Todal ved Samisk Høgskole. Data frå undersøkinga er bearbeidd og analysert av professor Kamil Øzerk ved Pedagogisk forskningsinstitutt på Universitetet i Oslo og Samisk Høgskole. Denne rapporten tek utgangspunkt i professor Øzerk sitt arbeid, og tek for seg dei mest sentrale funna. Materialet omfattar mykje meir og kan med fordel leggest til grunn for ei masteroppgåve el.

Kva kjenneteiknar Valdres som språkområde?

Den tradisjonelle dialekten i størstedelen av Valdres ligg nær nynorsken. Og i desse områda finn vi også lange nynorsktradisjonar, bortsett frå i skulekrinsane Fagernes, Aurdal og Vestringsbygda², der bokmålet har lange tradisjonar. Alle stader ligg i Nord-Aurdal kommune. Dialekten i desse områda er til dels i stor endring, og andelen dialektbrukarar går ned. Som nynorskområde er Valdres ei randsone. Det offentlege rom er etter kvart mindre prega av nynorsk skrift, både når det gjeld offentleg administrasjon og privat næringsliv. Her skjer store endringar, og dragninga mot Oslo er stor.

I Sør-Aurdal er det også lange bokmålstradisjonar i bygdene Begnadalen og Hedalen. Men her er dialekten heilt annleis enn lenger nord i Valdres (flatbygdmål med ”je” og ”itte”).

Nokre viktige resultat:

- Overgangen skjer tidlegare enn ein har trudd: mellom barneskule og ungdomsskule.
- Det er lettare å skifte hovudmål i ein kommune med både nynorsk og bokmål.
- Fleire jenter enn gutar forlet nynorsken.
- Alle likar å prate og skrive dialekt, men det er ikkje dermed sagt at dei likar å skrive nynorsk..
- ”Innflyttarforeldre” er ikkje årsaka til språkskiftet.
- Nynorskbrukarar har dårlegare forhold til hovudmålet sitt enn bokmålsbrukarar har til hovudmålet sitt.
- Nynorskbrukarar knyter estetiske og moralske verdiar til språkvalet sitt.
- Dei fleste er positive til at nynorsk blir brukt i Valdres, sjølv om dei ikkje vil skrive det sjølve.

¹ Elevane kjem frå alle Valdres-kommunane, og fordeler seg på 1.- 3. -klasse, på programområda studieførebuande, idrettsfag, formgjeving, restaurant- og matfag, helse- og sosialfag, bygg og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon og elektrofag.

² Aurdal er det gamle sentrumet i Valdres, der prost og sorenskrivar hadde kontor. Fagernes er i dag det eintydige sentrumet i Valdres.

Innhald

Rapport om språkskifte frå nynorsk til bokmål	2
1. Kor mange skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål i Valdres?	4
2. Korleis skjer dette skiftet?	4
3. Kvar bur dei som skiftar?	5
4. Er det forskjell mellom kjønna?	5
5. Kva for studieprogram går desse elevane på?	6
6. Korleis pratar nynorskbrukarane og skiftarane?	7
7. Korleis ser desse ungdommane for seg framtida?	9
8. Kva for språklege framtidsutsikter har ungdommane?	10
9. Privat skriftspråk i framtida og bustad i framtida	11
10. Kva for utdanning vil ungdommane velje?	13
11. Kva for haldningar har ungdommane til å skrive bokmål sjølve?	14
12. Kva for haldningar har ungdommane til å skrive nynorsk sjølve?	15
13. Kva for haldningar har ungdommane til å skrive valdresdialekt sjølve?	16
14. Kva for språk brukar ungdommane i SMS?	17
15. Kvar kjem foreldra frå?	19
16. Kvifor har nynorskbrukarane halde på nynorsken?	20
17. Kvifor har skiftarane valt å skifte til bokmål?	21
18. Kva meiner ungdommane om at nynorsk blir brukt i Valdres?	22
19. Konklusjonar	24
20. Vidare refleksjon over resultata	25

1. Kor mange skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål i Valdres?

→ 75% av dei elevane som startar med nynorsk som hovudmål, skiftar til bokmål i løpet av skulegangen.

Når elevane startar på skulen, har om lag 60 % av dei nynorsk som hovudmål. Dei fleste av desse går på nynorsk skular³. Då undersøkinga vart gjort mellom elevane på vidaregåande skule (våren 2009), oppgav 17% av elevane nynorsk som sitt hovudmål.

I løpet av dei 10- 12 åra som desse elevane har gått på skulen, har altså 75 % av dei som starta med nynorsk som hovudmål, gått over til bokmål som hovudmål.

2. Korleis skjer dette skiftet?

→ Skulen er ein språkskiftefabrikk.


37 % av elevane skiftar ved overgangen barneskule-ungdomsskule.

30 % skiftar ved overgangen ungdomsskule-vidaregåande skule.

7 % skiftar på vidaregåande skule.

Dermed er det att om lag 25 % av dei opprinnelege nynorskelevane som framleis oppgjev nynorsk som sitt hovudmål. Det at ungdommane skiftar målform mellom barneskule og ungdomsskule, har tidlegare ikkje vore vist. I Stortingsmeldinga "Språk bygger broer", som vart vedteken i 2008, går ein ut frå at dette skiftet skjer mellom grunnskule og vidaregåande skule, s. 42: "Det er urovekkende at så mange som har hatt hovedmål i grunnskolen, går over til å skrive bokmål på vidaregåande skole". Skiftet mellom barneskule og ungdomsskule er ikkje omtala.

Figur 1, Overgang frå nynorsk til bokmål gjennom skuleløpet (absolutte tal)



³ I Øystre Slidre, Vestre Slidre, Vang og Etnedal har alle skulane nynorsk som opplæringsmål. I Sør-Aurdal og Nord-Aurdal har ein både nynorsk- og bokmåls skular, men berre ein skule har både nynorsk- og bokmåls klassar, nemleg Fagernes Skole.


Konklusjon

Skulen fungerer altså som ein språkskiftefabrikk. Men ettersom målet med ”fabrikken” neppe er å produsere fleire bokmålslevar, bør alle fabrikkteigarar og fabrikktilsette på alle nivå spørje seg kvifor dette skjer.

3. Kvar bur dei som skiftar?

→ I Etnedal, Vestre Slidre og Vang er det om lag 50 % som går over til bokmål. Overgangen er størst i kommunane Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Øystre Slidre.

Figur 2, Prosentvis oversikt over elevar som har gått over frå nynorsk til bokmål i dei ulike kommunane



Mogeleg forklaring for Nord-Aurdal og Sør-Aurdal

Nord- og Sør-Aurdal skil seg ut frå dei andre kommunane ved at dei har både nynorsk- og bokmålskskular i barneskulen. Når elevane kjem saman på Sør-Aurdal ungdomsskule og Nord-Aurdal ungdomsskule, går tidlegare nynorskelevar og bokmålslevar i blanda klassar⁴. Dette kan kanskje forklare at overgangen er aller størst i desse to kommunane, høvesvis 82% og 77%.

Mogeleg forklaring for Øystre Slidre

Øystre Slidre har så mange som 68% som går over til bokmål. Ein del av forklaringa ligg truleg i bakgrunnen til elevane. Øystre Slidre er den kommunen som opplever størst tilflytting, og tilflyttinga skjer pga servicenæringane på Beitostølen. Her er det mange som ikkje har valdresdialekt (eller annan dialekt) i heimen, slik at nynorsk kan verke fjernt frå talemålet til elevane. Dette gjeld altså ein del av elevane, men kan neppe forklare heile forskjellen mellom Øystre Slidre og dei andre nynorskkommunane.

4. Er det forskjell mellom kjønna?

→ Fleire jenter enn gutar sviktar nynorsken.

Det er fleire gutar (53 %) enn jenter (47 %) med i materialet. Dersom vi ser berre på dei som hadde nynorsk som hovudmål på barneskulen, så var fordelinga 145 gutar og 115 jenter⁵.

Kor mange av desse jentene og gutane held fast ved nynorsk som hovudmål? Det er 17 jenter (av 115) og 45 gutar (av 145) som held på nynorsken. Det vil seia at 15 % av jentene og 31 % av gutane held på nynorsk som hovudmål

⁴ Hedalen i Sør-Aurdal har eigen ungdomsskule og har bokmål i heile skuleløpet.

⁵ Det er ikkje mogeleg å forklare kvifor det er så mange fleire gutar som har nynorsk som hovudmål på barneskulen, ettersom dette i stor grad heng saman med geografi.

I dialektgranskingar finn ein også tradisjonelt kjønnsforskjellar, på den måten at jenter i større grad enn gutar ser ut til å forandre dialekten sin. Ein meiner at jenter i større grad enn gutar er opptekne av å tilpasse seg dei dei pratar med og dermed er meir villige til å forandre på dialekten sin.

Dette ser ut til å vera tilfellet i skriftspråket også: Jentene vel i større grad å tilpasse seg eit samfunn med overvekt av bokmål ettersom fleire av dei vel å gå over til bokmål.


Konklusjon

Ein ser altså ein klar forskjell mellom kjønna: fleire jenter enn gutar vel å skifte frå nynorsk til bokmål. Likevel er sjølvsagt ikkje kjønn åleine forklarande faktor.

5. Kva for studieprogram går desse elevane på?

→ **Teknikk og industriell produksjon er det studieprogrammet der flest har halde på nynorsken. Helse- og sosialfag er det studieprogrammet der færrest har halde på nynorsken⁶. Det er ingen eintydig forskjell mellom yrkesfaglege studieprogram og studiespesialisering.**

Figur 3, Val av målform og studieprogram, skiftarar og nynorskbrukarar (heile tal)⁷



⁶ Pga små tal ser vi bort frå Service og samferdsel.

⁷ Resultata er gjengjeve i heile tal (ettersom talet frå nokre av studieprogramma er svært små), men rekkefølga på studieretningane viser den relative overgangen frå bokmål til nynorsk: øvst står det studieprogrammet som relativt sett har færrest nynorskbrukarar (og dermed flest skiftarar), nedst står det studieprogrammet som relativt sett har flest nynorskbrukarar (og færrest skiftarar).

Grafen viser kva for hovudmål dei opprinnelege nynorskelevane har i 2009. Den blå søyla viser totalen av alle dei opprinnelege nynorskelevane på dette studieprogrammet, den raude viser kor mange av desse som har bytt målform til bokmål (altså skiftarane), og den gule søyla viser kven som har nynorsk som hovudmål også i 2009 (nynorskbrukarane). I denne grafen er altså ikkje bokmålsbrukarane (som har hatt bokmål heile tida) med.

På studieprogramma Teknikk og industriell produksjon (48 % nynorskbrukarar), Elektrofag (36 % nynorskbrukarar), Restaurant- og matfag (33 % nynorskbrukarar⁸), Idrettsfag (30 % nynorskbrukarar), Bygg og anleggsteknikk (28 % nynorskbrukarar) er forholdet mellom søylene noko jamnare. Med unntak av Idrettsfag og Restaurant- og matfag, går desse studieprogramma for å vera typisk "gutelinjer"⁹. Den største andelen av nynorskbrukarar finn vi på Teknikk og industriell produksjon med nesten 50 %.

Den minste andelen nynorskbrukarar finn vi på Helse- og sosialfag, med 10 %. Også Formgjevingsfag¹⁰, med 14 % nynorskbrukarar, er eit studieprogram med svært få nynorskbrukarar. Dette er typisk "jentelinjer". Kanskje ser vi altså ein kjønnsforskjell når det gjeld val om å halde på nynorsken eller skifte til bokmål.

Studiespesialisering viser ei interessant søyle. Her er det 17 av 86 som brukar nynorsk av dei opprinnelege nynorskelevane, altså ein prosentdel på om lag 20 %. Dette er eit lågt tal samanlikna med dei "beste" studieprogramma. Men det er også litt over snittet (som er på 17 %) for kor mange som har nynorsk som hovudmål totalt i elevgruppa.

Konklusjon

Ein eintydig forskjell mellom yrkesfag og studiespesialisering ser ein ikkje, ettersom spreinga på yrkesfag er så stor. Den forskjellen vi ser mellom studieprogramma, er kanskje heller eit utslag av kjønnsforskjellar.

6. Korleis pratar nynorskbrukarane og skiftarane?

→ Nesten alle pratar dialekt, men berre nokre av dei skriv nynorsk.

Ein tenkjer seg gjerne at nynorsk og dialekt går hand i hand, og i Valdres er den språklege avstanden mellom dialekt og nynorsk nokså liten. Ungdommane vart spurt om kva dei sjølve ville kalle dialekten sin. Nesten 50 % av alle ungdommane seier at dei pratar "valdresdialekt". Nesten 30 % seier "blandingsdialekt", nesten 20 % seier bokmålsnær dialekt, og nokre få har ein annan dialekt. Kva som ligg i "blandingsdialekt" og "valdresdialekt" er ikkje godt å seia, ettersom vi ikkje har nokon språklege variablar i materialet. Men ein må gå ut frå at godt 75 % har element av valdresdialekten i talemålet sitt i større eller mindre grad. Vi kan også gå ut frå at desse godt 75 % har ein ganske god passiv kunnskap om dialekten i Valdres.

Følgjande diagram viser den prosentmessige fordelinga av nynorskbrukarane og dei som har gått frå nynorsk til bokmål (skiftarane) når det gjeld dialektbruk, blandingsdialekt,


⁸ Merk at dei reelle tala her er svært små.

⁹ Idrettsfag og Restaurant- og matfag har ikkje så eintydig overvekt av gutar, men korleis det stiller seg i dette utvalet, veit vi ikkje.

¹⁰ Formgjeving er ikkje eigentleg eit eige studieprogram, men eit programområde under studiespesialisering. Her har vi skilt dei ut som eiga elevgruppe for samanlikningsskuld. Det var også eiga studieretning i Reform 94.

bokmålsnær dialekt og annan dialekt. I dette diagrammet er altså ikke dei opprinnelege bokmålsbrukarane med:

Figur 4, Kva kallar ungdommane dialekten sin? Søylen viser prosent av nynorskbrukarane og prosent av "skiftarane".



Søylen viser "skiftarane" i det raude feltet nedst og "nynorskbrukarane" i det grønne feltet øvst. Som vi ser vil nesten 75 % av nynorskbrukarane seier at dei brukar valdresdialekt. Nesten 50 % av skiftarane seier det same.

Nesten 18 % av nynorskbrukarane seier at dei brukar blandingsdialekt, mot godt 30 % av skiftarane.

Det er også 5 % av nynorskbrukarane som seier dei pratar ein bokmålsnærdialekt, mot 15 % av skiftarane.

Konklusjon

Desse tala seier oss at det å bruke dialekt langt ifrå er nokon garanti for å skrive nynorsk. Heile 50 % av "skiftarane" pratar dialekt utan å skrive nynorsk. Likevel er det ein samanheng mellom dialekt og nynorsk når ein ser at så mange som 75 % av nynorskbrukarane pratar dialekt.


Vi kan seia at dialektbruk nesten er ein føresetnad for å skrive nynorsk, sjølv om det faktisk også finst nynorskbrukarar som seier dei pratar bokmålsnær dialekt.

7. Korleis ser desse ungdommane for seg framtida?

→ Bokmål kan brukast over alt.

Som eit forsøk på å forklare kvifor ungdommane går over frå nynorsk til bokmål, har vi spurt dei kvar dei ser for seg at dei kjem til å bu i framtida. Er overgangen til bokmål eit ledd i ”prosjekt urbanisering” hjå ungdommane?

Figur 5, Kvar elevane ynskjer å bu i framtida, sett i forhold til opprinneleg hovudmål og hovudmål i 2009. Dei to boksane viser opplæringsmål i barneskulen.



Dei opprinnelege nynorskelevane

I den øvste boksen i diagrammet finn vi dei elevane som hadde nynorsk som opplæringsmål. Søyila til venstre viser dei elevane som ynskjer å bli buande i Valdres. Dei fleste av dei opprinnelege nynorskelevane ynskjer altså å bli buande i Valdres, sjølv om dei fleste her har skifta til bokmål (= dei 83 ungdommane i det midtarste raude feltet).

Men den same søyila viser også at om lag 55% av dagens nynorskelevar ynskjer å busetja seg i Valdres (dei øvste 38 ungdommane utgjær altså om lag 55% av dagens nynorskelevar) .

Den andre søyila som utmerkar seg for dei opprinnelege nynorskelevane, er søyila for dei som i framtida ser for seg å bu i ein by (nr 3 frå venstre). Her er det ei overvekt av elevar som har gått over til bokmål. Men også 13% av dagens nynorskelevar (= dei 9 øverste i denne søyila)

ser for seg at dei skal bu i ein by. Men dei fleste av dei som ser for seg å bu i ein by, har altså teke steget over frå nynorsk til bokmål.

Dei opprinnelege bokmålelevane (som alle framleis skriv bokmål)

I den nederste boksen finn vi dei elevane som alltid har skrivne bokmål. Svært mange av dei ser for seg at dei kjem til å bli buande i Valdres eller i Bygde-Noreg (dei to søylene heilt til venstre). Men omtrent like mange ynskjer å bu i ein by.

Konklusjon

Dei aller fleste ungdommane i Valdres ynskjer altså å bli buande der, uavhengig av målform. Ungdommane meiner at bokmål kan brukast overalt, både i Valdres og andre stader. Det å skrive bokmål er i seg sjølv ikkje eit ledd i ”prosjekt urbanisering”.

Men ungdommane meiner truleg at nynorsk i mindre grad kan brukast overalt. Slik må vi tolke det når så mange av dei opprinnelege nynorskelevane som ynskjer å bu i ein by, har gått over til bokmål. Dette ser vi endå tydelegare når vi koplar framtidig språkbruk og framtidig bustad, sjå under.

8. Kva for språklege framtidsutsikter har ungdommane?


→ Nynorsk som hovudmål på vgs. er ingen garanti for å skrive nynorsk i framtida.

Vi spurde ungdommane kva for målform dei trur dei kjem til å bruke etter vidaregåande skule når dei skriv privat. I det følgjande er ungdomsgruppa delt i to: dei som skriv bokmål i 2009 og dei som skriv nynorsk i 2009.

Bokmålsbrukarane

Av diagrammet under ser vi at fleirtalet av bokmålsbrukarane berre trur dei vil bruke bokmål. Men også 9 % av bokmålsbrukarane trur dei vil bruke nynorsk og bokmål privat, og ein liten minoritet på om lag 2 % kjem til å bruke berre nynorsk¹¹.

Figur 6, Språklege framtidsutsikter for bokmålsbrukarane




¹¹ Ein lurar sjølvst på kvifor dei då skriv bokmål no. Dette er kanskje ungdom som har hjarta sitt i nynorsken, men av praktiske årsaker valde bokmål på skulen, jf. spørsmåla om kvifor ”skiftarane” har skifta målform.

Nynorskbrukarane

Mellom nynorskbrukarane er biletet svært samansett. Berre 31 % av desse trur dei berre kjem til å bruke nynorsk privat. Om lag 42 % meiner dei vil bruke både bokmål og nynorsk. Heile 25 % trur dei berre kjem til å bruke bokmål. Dei har altså til no vore ”motstandsdyktige” mot bokmålspåverking, men trur ikkje dei kjem til å halde på den linja resten av livet.

Figur 7, språklege framtidsutsikter for nynorskbrukarane



Konklusjon


Å skrive nynorsk på vidaregåande skule er ingen garanti for å skrive nynorsk privat i framtida. Men fleirtalet av dei som har nynorsk som hovudmål, meiner dei vil meistre begge målformer i framtida. Dette er jo også eit av argumenta som målrørsla brukar for å grunngje kvifor ein bør halde på nynorsk som hovudmål. Interessant er det jo også at 9 % av bokmålsbrukarane vil bruke begge målformene privat, noko som truleg skuldast den nynorskeksponeringa ein trass i alt får i Valdres, også om ein vel bokmål som hovudmål.

9. Privat skriftspråk i framtida og bustad i framtida

→ **Bur du i byen, må du bruke bokmål!**

Grafen under viser kva for målform ungdommane ser for seg at dei skal bruke privat i framtida, kombinert med kvar dei ser for seg at dei skal bu i framtida. Vi konsentrerer oss for enkelheits skuld om dei to tydelegaste motsetnadene, nemleg dei som vil bu i ein by (søyle nr. 3) og dei som vil bu i Valdres eller i Bygde-Noreg (søyle nr. 1 og 2).

Figur 8, Bustad i framtida og språkbruk privat i framtida



Framtidige nynorskbrukarar vil bu i Valdres

I den øvste boksen finn vi dei som meiner dei kjem til å bruke nynorsk når dei skriv privat i framtida. Her er det altså 18 ungdommar som trur dei kjem til å bu i Valdres eller Bygde-Noreg, dvs. 67 % av dei som vil bruke nynorsk i framtida. Resten av dei som vil bruke nynorsk i framtida, spreier seg på alle dei andre alternative nokså flatt, og tala blir så små at det er vanskeleg å bruke dei. Men for ordens skuld: det er to ungdommar som ser for seg at dei skal bu i ein by, dei utgjer 7,4 %.

Framtidige bokmålsbrukarar vil også bu i Valdres, eller i byen

I boksen i midten finn vi dei som meiner dei kjem til å bruke bokmål når dei skriv privat i framtida. Dei som vil bu i Valdres, utgjer også her den største enkeltgruppa, men delen av heilheita er mindre, 38 %. I tillegg vil 3,3 % bu i Bygde-Noreg.

Verdt å merke seg er det at mellom dei framtidige bokmålsbrukarane er det 29 % som trur dei vil bu i ein by. Her har også 6 % sagt at dei vil bu i Valdres eller i ein by (søyle 7 frå venstre). Blant dei framtidige bokmålsbrukarane finn vi altså det store fleirtal av dei som seier dei ynskjer å bu i ein by (89 av 100 ungdommar har sagt dei vil bu i ein by, altså 89 % av dei som ser for seg å bruke bokmål i framtida).

Framtidige språkleg fleksible vil også bu i Valdres

I den nedste boksen finn vi dei som trur dei kjem til å bruke både nynorsk og bokmål¹². Her er det 58 % som vil bu i Valdres eller i Bygde-Noreg. Her er det 13 % som trur dei vil bu i ein by.

- Bur du i byen, må du bruke bokmål!

Studerer vi berre søyle 3 frå venstre (i alle tre boksane), ser vi at den store majoriteten blant dei som vil bu i ein by, kjem til å bruke bokmål, heile 89 % i denne gruppa.

Konklusjon

Bokmål kan altså brukast over alt, og er i seg sjølv ikkje uttrykk for ein ”urban draum”. Men dei som har tenkt å bu i byen, finn det altså tryggast å bruke bokmål også privat.


For ein nynorskbrukar er det vanskeleg å forstå kvifor det er ein så klar samanheng mellom det å bu i ein by og det å skrive bokmål privat. Byen som ein fleirkulturell arena omfattar tydelegvis ikkje nynorsk som skriftspråk, i desse ungdommane sine augo.

10. Kva for utdanning vil ungdommane velje?

→ Nynorsk høyrer heime i både korte og lange utdanningar. Men fleire bokmåselevar vil velje lange utdanningar.

Vi spurde ungdommane om kva som er den høgaste utdanninga dei ser for seg å ta. Med det ville vi sjå om ein kunne forklare overgangen til bokmål med ulike ambisjonar i yrkesval og karriere. Det viser seg å ikkje vera stor forskjell mellom dei som har halde på nynorsken, og dei som har gått over til bokmål (”skiftarane”).

Figur 9, kva for utdanningsambisjonar har ungdommane?



Sjølv om det er ein forskjell her, kan ein ikkje seia at dei som har høge utdanningsambisjonar, vel vekk nynorsken. Utdanningsambisjonane kan altså i liten grad forklare overgangen til bokmål. Nynorsken høyrer heime i både korte og lange utdanningar.

¹² Mengdeforholdet mellom nynorsk og bokmål er ikkje spesifisert.

Ein skal likevel merke seg at tala for bokmålelevane (altså dei som alltid har skrive bokmål) tyder på at dei har høgare ambisjonsnivå enn dei som alltid har skrive nynorsk. Kva kan grunnen vera til det?

Utdanningsnivået til foreldra deira er ikkje undersøkt i dette materialet. Men det er rimeleg å tru at det mellom desse elevane (som i hovudsak kjem frå Nord-Aurdal¹³) er fleire foreldre med høgare utdanning fordi det er fleire kompetansearbeidsplassar her. Det fører lett til at ungene også vel høgare utdanning.

Konklusjon


Nynorsk har ein plass både i korte og lange utdanningar. Utdanningsval i seg sjølv kan ikkje forklare overgangen til bokmål. Men den vesle tendensen til at bokmålelevane har noko ”høgre” ambisjonar enn nynorskelevane, kan kanskje tyde på at stereotype haldningar knytt til språkbruk og det å gjera karriere, framleis lever.

11. Kva for haldningar har ungdommane til å skrive bokmål sjølv?

→ Dei som held på nynorsken, er ikkje negative til bokmålet.

Vi har bede ungdommane om å ta stilling til fire utsegner om korleis dei likar å skrive bokmål. Diagrammet viser nynorskbrukarane (grønt felt i diagrammet) og skiftarane (raudt felt i diagrammet, merka med ”bokmål”). Diagrammet under viser at dei fleste, både blant nynorskbrukarane og skiftarane, har positive haldningar til å skrive bokmål. Men mellom dei som ikkje likar å skrive bokmål, er nynorskbrukarane i fleirtal (32 % av nynorskbrukarane svarar det). For dei fleste som held på nynorsken, er altså grunnen ikkje at dei er negative til bokmål. Berre 1 av 10 nynorskbrukarar har seriøse negative haldningar til bokmål.

Figur 10, Nynorskbrukarane og skiftarane sine haldningar til å skrive bokmål



¹³ Andelen av bokmålelevane som kjem frå Sør-Aurdal, er liten i forhold til dei som kjem frå Nord-Aurdal.

12. Kva for haldningar har ungdommane til å skrive nynorsk sjølv?


→ Nynorskelevane er positive til nynorsk, skiftarane er mest negative.

Er då skiftarane like positive til å skrive nynorsk, som nynorskbrukarane er til å skrive bokmål? Nei, svaret er tydeleg, men likevel samansett. 65 % av skiftarane er mest negative til å skrive nynorsk, medan 34 % er nokså positive. Heile 30 % av skiftarane er svært negative til å skrive det tidlegare hovudmålet sitt.

Nynorskbrukarane er sjølvsagt meir positive til å skrive nynorsk. Men om ein samanliknar med skiftarane sine haldningar til å skrive bokmål (figur 10), så er nynorskbrukarane litt mindre entusiastiske til sitt eige hovudmål: 26 % seier dei likar svært godt å skrive nynorsk, medan 48 % av skiftarane seier dei likar svært godt å skrive bokmål, som altså er deira hovudmål no (figur 10).

Dei fleste nynorskbrukarane vel alternativet ”Eg likar godt å skrive nynorsk”. Verdt å merke seg er det sjølvsagt at nesten 20 % av nynorskbrukarane ikkje likar godt å skrive nynorsk sjølv. Slit nynorskbrukarar med eit problematisk språkleg sjølvbilet? Sjølv sagt kan dette svaret for nokre av ungdommane vera eit uttrykk for at dei ikkje likar å skrive i det heile, dermed heller ikkje nynorsk (som dei jo brukar som målform).

Figur 11, Nynorskbrukarar og skiftarar sine haldningar til å skrive nynorsk



Konklusjon

Nynorskelevane likar nynorsk best, og skiftarane likar bokmål best. Men nynorskelevane likar bokmål nesten like godt som nynorsk. Og nynorskelevane er mindre positive til hovudmålet sitt enn skiftarane er til hovudmålet sitt.

13. Kva for haldningar har ungdommane til å skrive valdresdialekt sjølv?


→ ”Alle” likar å skrive valdresdialekt.

Når spørsmålet handlar om å skrive valdresdialekt, så er svaret nokså eintydig: Dette likar alle, både nynorskbrukarar og skiftarar. Berre 15 % av skiftarane har ei grad av negativ haldning til å skrive valdresdialekt. Blant nynorskbrukarane er det ingen som er svært negative til å skrive valdresdialekt.

Denne positive haldninga til å skrive dialekt heng truleg også saman med at dialekten er brukt i meir uformelle skrivesituasjonar, som for eksempel sms (svært utbreidd), og det gjer det også meir lystig å skrive dialekt.

For skiftarane har dialekt og nynorsk ikkje så mykje med kvarandre å gjera. Det understrekar også resultatata i spørsmålet om kva for talemål skiftarane har, figur 4. Dei kan prate dialekt og dei kan skrive dialekt, men dei ynskjer i liten grad å skrive nynorsk.

Figur 12, Nynorskbrukarane og skiftarane sine haldningar til å skrive valdresdialekt



14. Kva for språk brukar ungdommane i SMS?


SMS til vener

→ Dialekten herskar i sms-språket.

Vi spurde ungdommane kva for språk dei brukar når dei skriv sms til vener. I grafen under har vi samanlikna nynorskbrukarane med alle ungdommane. Resultata er vist i prosent, og dermed ser vi korleis sms-språkbruken til nynorskbrukarane i forhold til sms-språkbruken for alle ungdommane. Ungdommane kunne krysse fleire gonger på dette spørsmålet.

Kva kjenneteiknar ein skrivesituasjon som dette? Den er i høg grad uformell, og det er kommunikasjon mellom personar som står på like fot¹⁴. Her er det ingen grunn til å utmerke seg som ein god skribent etter formelle kriterium. Ungdommane oppfattar nok at denne skrivesituasjonen har noko munnleg over seg. Dette forklarar kvifor dialekten står så sterkt her.

Figur 13, SMS til vener, nynorskbrukarar og alle (prosent)



Konklusjon

Som vi ser, er det dialekt dei fleste brukar i sms til vener, og nynorskbrukarane brukar det meir enn dei andre ungdommane. Bokmål er mykje i bruk i heile gruppa, men nynorskbrukarane brukar det i mindre grad enn dei andre.

¹⁴ Sjølv om venskap og maktstrukturar kan vera kompliserte, er det nærliggande å tru at ungdommane med ordet "vener" oppfattar personar som dei står likt med statusmessig.

Nynorsk blir svært lite brukt i sms, også mellom nynorskbrukarane. Det språket høyrer tydelegvis ikkje heime i ein slik skrivesituasjon, sjølv om ein elles er nynorskbrukar. Dette heng nok saman med at sms til vener er ”halvvegs” munnleg og dessutan uformell.

SMS til foreldre og SMS til læraren


→ Til læraren skriv ein bokmål eller nynorsk.

Det er svært liten forskjell mellom språket i ein sms til vener og språket i sms til foreldra. Men ser ein på kva ein skriv til læraren, så er forskjellane tydelege. Skrivesituasjonen blir tydeleg meir formell.

Fire alternativ skil seg ut, dei andre alternativa har svært få markeringar og er difor slegne saman. Dialektbruken går dramatisk ned, til fordel for nynorsk og bokmål. Når dei skriv til læraren, brukar også mange nynorskbrukarar bokmål, i større grad enn når dei skriv til vener.

Verdt å merke seg er det at det blant nynorskbrukarane er fleire som brukar bokmål enn nynorsk i sms til læraren. Kvifor det? Er dei fleste lærarane bokmålsbrukarar, slik at dei indirekte påverkar elevane til også å bruke bokmål?

Figur 14, Språk i SMS til læraren, nynorskbrukarar og alle (prosent)



Open og skjult prestisje

I språkvitskapen snakkar ein om at eit språk kan ha open prestisje¹⁵. Med det meiner ein det språket som objektivt sett har størst prestisje i språksamfunnet. Dette er standardspråket i eit land. I Noreg har vi to standardspråk, men nynorsk har mindre prestisje i storsamfunnet. Dei fleste vil vera einig i at bokmål i Noreg har størst open prestisje, både i skrift og tale¹⁶.

Men eit språk kan også ha såkalla skjult prestisje. Det betyr at eit språk har ein spesiell og positiv status i eit miljø, kanskje som ein subkultur i storsamfunnet. Overført på norske

¹⁵ Sjå for eksempel verk av sosiolingvistane William Labov og Peter Trudgill. Eller ei kort innføring her, lokalisert 27. oktober 2009: http://psychology.wikia.com/wiki/Prestige_dialect

¹⁶ Her vil sjølvstøtt sosiolingvistar ikkje bruke nemninga ”tala bokmål”, men snakke om ulike variantar av austnorsk bymål osv.

forhold, vil dei ulike dialektane i Noreg ha skjult prestisje i det området dei blir prata, særleg i munnleg form, men som vi ser i denne undersøkinga, også i skriven form.

Språket som har den opne prestisjen, brukar elevane i større grad til ein person som representerer formelle aspekt ved livet til ungdommane, nemleg skulen. Språket med skjult prestisje, altså valdresdialekten, brukar ungdommane i større grad til vener, som dei står på like fot med.

Konklusjon


SMS til vener er ein uformell skrivesituasjon som gjer det mogeleg å bruke dialekt, det språket som i Valdres har skjult prestisje. SMS til læraren representerer ein meir formell skrivesituasjon, som i større grad krev eit standardisert skriftspråk, og i større grad det som har open prestisje, altså bokmålet. Også nynorskelevane vel ofte bokmål i sms til læraren sin, kanskje fordi han/ho er bokmålsbrukar.

15. Kvar kjem foreldra frå?

→ Det å ha begge foreldra frå Valdres er ingen vaksine mot å skifte hovudmål.

I spørjeskjemaet ba vi ungdommane fylle ut kvar mor og far er frå. Med dette ville vi finne ut om det er ein forskjell mellom dei tre gruppene av språkbrukarar når det gjeld foreldra sin språklege bakgrunn. Ofte skuldar ein på innflyttarane for dialektdød og nynorskfråfall. Er det import av mødre og fedre som er problemet i Valdres?

Figur 15, Kvar er foreldra frå?



Dette diagrammet viser kvar mor og far er frå kopla med kva for målform elevane har. Den blå søyla viser bokmålsbrukarane (som alltid har hatt bokmål), den raude søyla viser skiftarane og den gule søyla viser nynorskbrukarane.

Som vi ser av søylene til venstre i diagrammet, så er det å ha ein far og ei mor frå Valdres ingen garanti for at du held på nynorsken. 51 % av skiftarane har både mor og far frå Valdres. På den andre sida ser vi at det mellom dei opprinnelege bokmåselevane relativt sett er færre som har både far og mor frå Valdres (37 %), medan nynorskbrukarane i større grad har begge foreldra frå Valdres (59 %).

Av søylene heilt til høgre i diagrammet, ser vi at berre 6 % av skiftarane har begge foreldra frå ein annan stad. Det er altså ikkje foreldra sin bakgrunn som kan forklare kvifor så mange skiftar.

Det å ha éin av foreldra frå ein annan stad ser ikkje ut til å ha mykje å seia for språkval, ettersom det prosentvis er omtrent like mange bokmålsbrukarar, skiftarar og nynorskbrukarar i desse kategoriane.

Kor mange av dei med mor og far frå Valdres gjennomgår eit språkskifte?

Vi kan også snu på tala. Her konsentrerer vi oss berre om dei som hadde nynorsk på barneskulen og som har begge foreldra frå Valdres. Dei utgjer til saman 128 ungdommar. 92 av dei ungdommane valde å skifte hovudmål. Det betyr at om lag 72 % av dei som har både mor og far frå Valdres, skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål.

Konklusjon

Foreldra sin bakgrunn kan ikkje åleine forklare kvifor så mange skiftar målform.

Dei fleste skiftarane har begge foreldra frå Valdres og svært få av dei har begge foreldra frå andre stader.

Dei fleste nynorskbrukarane har begge foreldra frå Valdres, i noko større grad enn skiftarane. Mellom bokmålsbrukarane finn ein nokon fleire som har begge foreldra frå andre stader, og litt færre som har begge foreldra frå Valdres.

16. *Kvifor har nynorskbrukarane halde på nynorsken?*

I eitt av spørsmåla ber vi ungdommane om å uttale seg om kvifor dei har halde på same målform (ope spørsmål). Her har elevane ordlagt seg heilt fritt. Vi har prøvd å kategorisere utsegnene deira for å få ei oversikt over fellestrekk. Her ligg det tolking i botnen. Nokre av elevane er svært direkte og kortfatta og nemner kort ord som ”vane” eller ”fint”, det gjer det enkelt å kategorisere. Andre uttrykkjer haldningar indirekte. Kva ligg for eksempel i utsegna til denne nynorskeleven?: ”Fordi eg syntes det var rett av meg å bruke denne målforma når eg pratar det.” Denne ungdommen legg vekt på at nynorsk ligg nært opp til dialekten. Men det ligg også noko meir her, når han/ho seier at det er ”rett av meg”. I dette tilfellet kategoriserer eg utsegna under stikkorda ”dialekt” og ”viktig”.

Nynorskbrukar: ”Eg synest det er viktig å bevare nynorsken. Det er ei fin målform.”

Dei uttrykka som er mest brukt, er ”dialekt” og ”vane”. Mange legg altså vekt på at nynorsk ligg nærare dialekten, og for mange er det ei vanesak å skrive nynorsk. Nokre seier også at det er ”naturleg”, truleg med tanke på dialekten (men det uttrykkjer kanskje også ein vane). Desse utsegnene kan sjåast som nokså verdinøytrale.

Men ungdommane brukar også meir verdiladde uttrykk for å forklare at dei held på nynorsken. ”Fint” og ”viktig” er ord som går att. Ingen av ”skiftarane” brukar orda ”fint” og ”viktig” for å forklare at dei har skifta til bokmål. Kjenner nynorskelevane ei plikt til å føre det ”fine” nynorske språket vidare?¹⁷

Nynorsk er enklare

Ordet ”enklare” er også brukt av fleire. Ungdommane kan altså grunngje språkvalet sitt med at nynorsk er enklare. Orda ”enkelt” eller ”lett” (i ei eller anna form) er elles dei orda som går mest igjen for å forklare kvifor ”skiftarane” har gått over til bokmål.

For å meistre b e m lformer

Og om ikkje spr ket er enklare, s  ynskjer likevel fleire   skrive nynorsk for   kunne meistre b de nynorsk og bokm l (som dei meiner dei f r gratis).  in ynskjer til og med utfordringar og har difor valt   halde p  nynorsken. Dette uttrykkjer ei noks  bevisst haldning til spr k og meistring – noko ein finn mindre av hj  skiftarane.

Bevisst val

I det heile sl r det ein n r ein les utsegnene at dei som held p  nynorsken, m  argumentere meir (og annleis) enn dei som g r over til bokm l.   halde p  nynorsken er eit bevisst val.

Men ein skal ogs  hugse p  at ikkje alle har svara her, kanskje er det dei mest bevisste som har svara.

Konklusjon

Nynorskelevane viser bevisste haldningar og knyter estetiske og moralske verdiar til   halde p  nynorsken.

17. *Kvifor har skiftarane valt   skifte til bokm l?*

Ogs  her er sp rsm let stilt heilt ope, og ungdommane har svara med eigne ord.

Skiftar: ”Det er lettere   skrive bokm l siden det er det som er mest brukt.”

 rsakene til spr kskifte er fleire. Men at bokm l er enklare, er for nesten halvparten ein av grunnane dei oppgjev, den utvilsamt mest brukte grunngjevinga. Fleire brukar ogs  ordet ”bedre” – bokm l er ogs  bedre enn nynorsk. Dette er ein verdidom, men den kan henge saman med at dei oppfattar bokm l som enklare. Det gjer det ”bedre”   skrive og lesa bokm l.

Mange forklarar dette at det er enklare   skrive bokm l, med at bokm l er vanlegare i media og elles i verda rundt dei:

”Bokm l er det man h rer, ser og bruker hele tiden”

”Det var vanskelig for meg og skrive rett p  nynorsk fordi b ker og tidsskrifter er p  bokm l”

¹⁷ Dersom det er knytt plikt til bruk av nynorsk, kan dette vera med   forklare kvifor s  mange nynorskbrukarar i framtida ikkje kjem til   skrive nynorsk privat. N r skulen og plikta er over, er ikkje nynorsken einaste moglegheit.

Negative haldningar

Negative haldningar til nynorsken er tydeleg i mange av svara. Kvar kjem dei frå? Truleg kan dei negative haldningane delvis koplant til manglande meistring. Det ein meistrar, likar ein ofte betre enn det ein opplever at ein ikkje meistrar. Men ein kan også snu på det: det ein ikkje likar, gjer ein mindre for å meistre. Kva som er høna og kva som er egget her, finn vi ikkje svar på i undersøkinga vår.

Kanskje heng dei negative haldningane også saman med at nynorsken for ein del av elevane verkar irrelevant og lite synleg på dei arenaene som er viktige for ungdommane sjølve. Samfunnet rundt påverkar heilt tydeleg, for medfødde kan haldningane ikkje vera.

Forholdet mellom talemål og skrift

Kva seier så skiftarane om forholdet mellom talemål og skrift? Fleire understrekar at dei pratar dialekt, men skriv bokmål:

”Er så mange vanskelige ord i nynorsk, men er enig i at vi bør holde på dialekten vår.

”Snakker dialekt men skriver bokmål (dialekt på sms)”.

”Synes at nynorsk er tragisk. Men snakker ikke bokmål, bare skriver”.

Ufrivillig skifte?

Nokre oppgjev språkskiftet som ikkje heilt frivillig eller bevisst. Kvifor blir desse elevane bokmålselevar? Her ser det ut til å handle om årsaker som ligg utanfor språkbrukaren sjølv:

”Det vart berre slik, for då eg kjøpte bøker var det berre att bokmål og det var lang ventetid på nye”

”Eg veit ikkje, det berre blei slek. Ingen spesiell grunn.”

”Ingen spesiell grunn, men er lettere å selge bokmålsbøker enn nynorskbøker.”

”Alle ble satt opp i 1.klasse som bokmålselever. Jeg ”gadd” ikke skifte. Hadde jeg blitt satt opp som nynorskelev, hadde jeg fortsatt med nynorsk.”

”Eg skifta frå nynorsk til bokmål fordi eg snakka bokmål heime. Seinare har eg ynskt eg hadde nynorsk. Eg syns oppfølging av nynorsk på ungdomsskulen er dårleg.”

Nynorsktvang på barneskulen

Elles seier ein god del av elevane at dei skifta fordi nynorsk på barneskulen var ”tvang”. Dei skulle altså gjerne vore bokmålselevar heilt frå starten. Mange her uttrykkjer også at dei ikkje pratar dialekt. Dersom ein legg til grunn at det bør vera eit visst samsvar mellom talemål og skriftspråk, er det difor forståeleg at ein del vil skifte når dei får høve til det¹⁸. At desse elevane i mindre grad kjem til å meistre både nynorsk og bokmål like godt, ser ikkje ut til å bekymre dei. Som før sagt verkar nynorsk irrelevant for ein del av desse ”skiftarane”.


18. *Kva meiner ungdommane om at nynorsk blir brukt i Valdres?*

→ Nynorsk bør brukast i Valdres.

¹⁸ Det er sjølvsagt verdt å merke seg at eit samsvar mellom tale og skrift ikkje verkar viktig for dei svært mange dialektbrukarane som går over til bokmål.

Sjølvs om få av ungdommane sjølvs ynskjer å bruke nynorsk, så ser dei ikkje nødvendigvis like negativt på at andre brukar nynorsk. Vi spurde ungdommane kva dei meiner om denne setninga: "Eg meiner det er viktig at me i Valdres brukar nynorsk fordi nynorsk er ein del av kulturen her." Over 50% seier seg "einig" eller "delvis einig" i denne utsegna¹⁹.

Figur 16, Kva meiner ungdommane om denne setninga: "Eg meiner det er viktig at me i Valdres brukar nynorsk fordi nynorsk er ein del av kulturen her."



Konklusjon

Også dei som seier seg delvis einige i utsegna, har ei positiv haldning til at nynorsk blir brukt, men dei ynskjer kanskje ikkje like mykje nynorsk i bruk. Dette meiner vi er eit signal til andre språkbrukarar i Valdres, ikkje minst til språkbrukarar i det offentlege rom, når til og med ungdommane er såpass positive til nynorskbruk.

Bokmålsbruk i Valdres

I undersøkinga spurde vi også om kva dei meinte om bokmålsbruk i Valdres, ved å be dei ta stilling til denne utsegna: "Eg meiner at me i Valdres bør skrive bokmål fordi dette språket blir brukt av dei fleste i landet"²⁰. Resultatet på dette spørsmålet stemmer godt med resultatet på det førre spørsmålet: Over 50 % er delvis eller heilt ueinige i denne utsegna, medan 44 % er einige eller delvis einige i utsegna.

Konklusjon

Hovudbodskapen i desse svara er altså: Ungdommane ser den kulturelle verdien av nynorsk i Valdres. Det er bra at (andre) folk brukar nynorsk i Valdres, og i Valdres treng ikkje (alle) folk bruke bokmål sjølvs om dei fleste i landet brukar det.

¹⁹ Dette spørsmålet er toledda, og ein kan kanskje mistenkje at nokre ungdommar er negative til utsegna fordi dei ikkje er einige i at "nynorsk er ein del av kulturen her".

²⁰ Også her kan nokre ha svara negativt fordi dei ikkje er einige i grunngjevinga "fordi dette språket blir brukt av dei fleste i landet".

Men kven er desse ungdommane som er positive til nynorskbruk i Valdres?

72 % av dei som var einige/delvis einige i utsegna ”Eg meiner det er viktig at vi i Valdres brukar nynorsk...”, hadde hatt nynorsk som opplæringsmål (men hadde det ikkje nødvendigvis no). 25 % av dei som var einige/delvis einige, hadde hatt bokmål som opplæringsmål (og hadde framleis bokmål)²¹.

19. Konklusjonar

Vi kan trekkje følgjande konklusjonar av denne undersøkinga:

Generelt:

- Svært mange skifter hovudmål i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule. Arbeid for å motivere til å halde på hovudmålet må altså starte tidleg på barneskulen.
- Overgangen til bokmål er størst i språkdelte kommunar. Dette heng saman med bokmålsseksponeringa i desse kommunane.
- Det er stor forskjell på kor mange nynorskbrukarar det er på dei ulike studieprogramma. Forskjellen ein ser, er kanskje like mykje ein kjønnsforskjell.
- Det er fleire jenter enn gutar som ”forlet” nynorsken.
- ”Innflyttarforeldre” er ikkje årsaka til språkskiftet: 72% av dei opprinnelege nynorskelevane som har begge foreldra frå Valdres, går over til bokmål.

Språkhaldningar:

- Nynorskbrukarane har positive haldningar til å skrive både bokmål og nynorsk.
- Bokmålsbrukarane har ikkje like positive haldningar til å skrive nynorsk som nynorskbrukarane har til å skrive bokmål.
- Nynorskbrukarane har mindre positive haldningar til hovudmålet sitt enn bokmålsbrukarane har til hovudmålet sitt.
- Nynorskbrukarar knyter estetiske og moralske verdiar til å halde på nynorsken.
- Nesten halvparten av dei som skiftar hovudmål, oppgjev som årsak at bokmål er ”lettare”. Dei negative haldningane dei har, kan henge saman med mangelen på meistring. Mangelen på meistring kan også henge saman med negative haldningar.
- Over halvparten av ungdommane er positive til at nynorsk blir brukt i Valdres, sjølv om dei ikkje ynskjer å skrive nynorsk sjølve.

Forholdet mellom tale og skrift:

- Å prate dialekt er nesten ein føresetnad for å skrive nynorsk, men dialekt i seg sjølv er ikkje nok til å velje nynorsk: 50 % av skiftarane seier sjølve dei pratar dialekt.
- Nesten alle likar å skrive dialekt.
- Dialekt blir brukt i sms til foreldre og vener. Dette er ein svært uformell skrivesituasjon.
- I sms til lærarane blir nynorsk og bokmål meir brukt, og dialekt blir mindre brukt. Dette er ein meir formell skrivesituasjon.
- Nynorskelevane brukar meir bokmål enn nynorsk i sms til læraren. Kanskje fordi svært mange lærarar er bokmålsbrukar?

²¹ Dei resterande ca 3 % har ei ”blanda” fortid språkleg sett.

Framtidige språkval:

- Dagens nynorskbrukarar kjem til å meistre begge målformer i framtida.
- Mange av dagens nynorskbrukarar kjem til å bruke bokmål når dei skriv privat i framtida.
- Det er ingen eintydig samanheng mellom lang utdanning og språkval. Men det er fleire bokmålsbrukarar mellom dei som kjem til å velje lang utdanning.
- Dei fleste ungdommane ynskjer å bu i Valdres, både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar. Men mellom dei som vil bu i ein by, er det 89 % bokmålsbrukarar. Nynorsk kan ikkje brukast over alt, i motsetnad til bokmålet.

20. Vidare refleksjon over resultatata

Valdres er, som før nemnt, ei randsone i nynorskområdet. Tala vi finn i granskinga gjev inntrykk av at nynorsken har tapt terreng i Valdres, men det er viktig å hugse på at vi ikkje har noko samanlikningsgrunnlag, berre følelsen av at det var betre før.

Denne granskinga gjev oss meir kunnskap om dei som beheld nynorsken og dei som går over til bokmål. Granskinga gjev også svar på ein del spørsmål. Vi ser at det er større sjanse for å gå over til bokmål dersom ein bur i ein språkdelt kommune (som Nord-Aurdal og Sør-Aurdal). Jenter går i større grad over til bokmål (men kvifor?). Og det er ikkje innflyttarforeldre som er årsaka til at så mange skiftar.

Mangel på nynorsk i det offentlege rommet

Dei viktigaste svara på kvifor ungdommane vel som dei gjer, ligg i svara dei gjev i dei opne spørsmåla. Eit viktig signal er mangelen på nynorsk i det offentlege rom. Det er vanskeleg å sjå at nynorsk er relevant når så lite nynorsk er synleg for ungdommen for eksempel i media. Ungdommane opplever ikkje at samfunnet er tospråkleg, bortsett frå på skulen, men heller ikkje der opplever alle at nynorsk har den same posisjonen som bokmål.

Svært mange av bokmålsbrukarane og skiftarane uttrykkjer negative haldningar til nynorsken. Desse haldningane er ikkje medfødde. Mangelen på nynorsk i media og i det offentlege rom generelt er med på å forsterke fordommar mot nynorsk, blant anna ved det at det er vanskelegare å lære eit språk som ein ser lite i bruk.

Dei som held på nynorsken, uttrykkjer sterke haldningar. Dei fleste nynorskbrukarane er svært bevisste, både moralsk og estetisk. Det å halde på nynorsken er det bevisste valet – å gå over til bokmål er å følgje straumen.

To likestilte språk?

Språkpolitikken i Noreg er gjort greie for i stortingsmeldingane ”Mål og meining” og ”Språk bygger broer”, som begge kom i 2008. Her blir det slått fast at Noreg skal vera eit tospråkleg samfunn. Ein seier at ein ynskjer ”sterkare synleggjering av nynorsk, sterkare profilering av nynorsk språk og kultur blant unge”²². Nynorsk skal bli meir reelt likestilt med bokmål²³. Ein uttrykkjer også bekymring for at så mange nynorskbrukarar fell frå: ”Det er urovekkende at så

²² Mål og meining, s. 25.

²³ Mål og meining, s. 26.

mange som har hatt nynorsk som hovedmål på grunnskolen, går over til å skrive bokmål på vidaregående skole”²⁴.

Dei gode intensjonane er mange. Men denne granskinga stiller nokre tydelege spørsmål:

- Gjer samfunnet jobben sin når ein til og med i eit område som Valdres ser så lite nynorsk rundt seg?
- Og har då ungdommane eit reelt val?

Skulen si rolle

Kva er så skulen si rolle i ”kampen” mellom bokmål og nynorsk? Klarer skulen i eit område som Valdres å oppfylle intensjonen i læreplanen i Kunnskapsløftet: ”Et hovedmål for opplæringen i norsk gjennom hele grunnopplæringen er språklig selvtillit og trygghet i egen kultur [...]”²⁵. For er det ikkje nettopp uttrykk for manglande språkleg sjølvtilitt vi ser hjå mange? Dette tykkjer eg blir understreka av at dei som beheld nynorsken uttrykkjer ei så tydeleg bevisstheit om det valet dei har teke og tilegg nynorsken både estetiske og moralske verdiar. Manglar ein denne bevisstheita, ligg nynorsken tynt an.

Skulen kan ikkje bøte på nynorsk mangel i samfunnet rundt, men skulen og skuleeigar, kan sørge for at nynorsk blir like synleg som bokmål i skulen og i administrasjonen. Det er viktige signal til elevane at berre nynorsk blir brukt på ein nynorskskule. Og at nynorsk er like synleg som bokmål på skular som skal bruke begge målformer, for eksempel ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Så spørst det då om eigarane av ”språkskiftefabrikken” ynskjer å gjera noko med denne situasjonen.

Prosjektet Målstreken

Valdres Mållag har sett i gang eit pilotprosjekt for å finne ut kvifor så mange skiftar hovudmål og for å motivere til å halde på nynorsk som hovudmål. Denne granskinga er eit ledd i dette prosjektet og dannar kunnskapsbasen for det vidare arbeidet.

I vårt arbeid vil vi få ungdommane i tale omkring dei språklege vala dei tek. Vi vil gjennomføre undervisningsopplegg og temadagar om nynorsk. Skulane vi har vore i kontakt med, er svært positive til arbeidet og vil legge til rette for at vi får møte elevane.

Det er også eit mål å møte foreldregrupper, for eksempel gjennom foreldremøte som blir arrangert på skulane. Vi trur at det å tematisere valet mellom nynorsk og bokmål vil gjera foreldre og ungdommar meir bevisste. For nokre er det kanskje nettopp bevisstheit som skal til for å halde på nynorsk som hovudmål.

²⁴ Språk bygger broer, s. 42.

²⁵ Utdanningsdirektoratet: „Læreplanen i norsk, formål med faget”, lokalisert 2. november 2009: <http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=1001576>

